

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1798 Ålesund 02.11.2021

oseing.no

Detaljplan Sighaug akvakultur, gbnr. 5/12 m. fl. – varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsle om igangsetjing av privat detaljregulering for eigedomen gbnr. 5/12 m. fl. i Vanylven kommune.

MOWI ASA er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg på Sighaug, inntil fv. 5852 i Vanylven kommune.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å:

- Utvide areal til eksisterande akvakulturanlegg med RAS-teknologi (resirkulering av vatn)
- Leggje til rette for betre kai
- Vidareføre tilkomst til området frå fylkesvegen
- Leggje til rette for å kunne nyte masser frå Stad skipstunnel til utfylling i sjø

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 5/1, 12, 16 og 5/1/1, og er på om lag 46 daa. Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

I kommuneplanen sin arealDEL for Vanylven ligg området med formål næringsområde, E28, der det berre er høve til å etablere verksemder der det er naudsynt med tilflott eller annan tilgang til sjø.

Regulering

Planområdet er ikkje regulert.

Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

Konsekvensutgreiing

Vurdering av planarbeidet etter KU-forskrifta:

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er hovudsakleg i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Det blir ikkje lagt opp til ny bygningsmasse over 15 000 m² BRA, det blir sett maksimalt tal for m² BRA i føresegne. Eksisterande kai har vore nytte til skip over 1 350 DWT, og det vil vere nødvending at skip over 1 350 DWT kan nytte kai ved planområdet i framtida. At skip over 1 350 DWT har nytta eksisterande kai blir dokumentert i planomtalen.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskriftena:

Eigenskapar for planen/tiltaket:

a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet er på om lag 46 daa, området er hovudsakleg i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, men er utvida mot nord og vest for å ha tilstrekkeleg areal til siktsone langs fylkesvegen.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert lagt opp til bruk av naturressursar, landbruksjord. Ressursen er ikkje av avgrensa førekomst. Avklart i overordna plan, men bør vurdere avbøtande tiltak.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Det blir ikkje lagt opp til avfallsproduksjon eller utslepp. Avklart i konsesjonshandsaminga av lokaliteten.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikkje medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø. Området er registrert som beiteområde for hjortevilt.

b. Planen vil ikkje medføre tiltak som vil skade truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det er registrert SEFRAK-bygningar på dagens akvakulturbygninga.

c. Planen/tiltak kjem i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona. Avklart sidan området er lagt ut som utbyggingsområde i overordna plan.

d. Det vert ikkje lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka, dyrka jord er omdisponert i overordna plan. Planen vil få negative konsekvensar for landbruksdrift, må vurdere avbøtande tiltak.

e. Det blir ikkje lagt opp til særleg auka miljøbelastning.

- f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.
- g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
- h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er truleg liten. Må avklare grunnforhold i området, skredfare og flaumfare.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan Sighaug akvakultur, gbnr. 5/12 m. fl. ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 28.10.2021, med følgjande hovudpunkt:

- Konsekvensutgreiing
- Utfylling i sjø
- Skip som har nytta området
- Planlagt utbygging

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærmere informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post plan@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar, arealet er sett av til næringsformål i overordna plan. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 28.10.2021, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellege kart blir lagt ut på Vanylven kommunen sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

Merknad til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no eller

OSE AS
Vikeøyrane 7,
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **03.12.2021**. Merk fråsegn med P1798.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframleggjet.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing

Bjarte F Friisvold

Arealplanleggar

Mob. 974 89 987

Vedlegg:

DP Sighaug akvakultur, gbnr. 5_12 mfl - plangrense_flyfoto_2021.10.14

DP Sighaug akvakultur, gbnr. 5_12 mfl - plangrense_gråtone_2021.10.14

DP Sighaug akvakultur, gbnr. 5_12 mfl - plangrense_komplan_2021.10.14

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 28.10.2021

Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Fiskeridirektoratet

Møre og Romsdal fylkeskommune

Kystverket

Statens vegvesen

Mørenett

NVE

Kommunalt hamnevesen

Mattilsynet

Vanylven kommune

ÅRIM

Brev:

Ragnhild Vedvik

Gate 4 131

6700 Måløy

Terje Flaathe

Nedre Strandsgate 43 A

6005 Ålesund

Kåre Jan Honningsvåg

Nordstranda 326

6143 Fiskå

Mari-Anne Langlo

Støylevegen 40

6153 Ørsta

Hermod P Langlo

Hans Nordahls gate 44

0481 Oslo

Petter A Kragset

Anne-Elisabeth E Rønning

Hareidsvegen 107

6060 Hareid

Ronny K Rønning

Guristuveien 9 B

0690 Oslo

Mari Vedvik

Sighaug 55

6143 Fiskå

Grete Bøstrand

Sighaug 55

6143 Fiskå

Anne E B Aamås